

Etiske retningslinjer for dei fylkesvise karrieresentera

Karriererettleiaren må ha fagleg tyngde og sjølvvinningsikt

1. Karriererettleiaren har ansvar for å halde seg fagleg oppdatert.
2. Karriererettleiaren skal være medviten om den makta som ligg i rolla og skal møte den som vert rettleidd med respekt, openheit og ei anerkjennande haldning.
3. Karriererettleiaren har ansvar for å reflektere over eigen praksis åleine og saman med andre.

Karriererettleiaren si rolle og oppgåver

4. Karriererettleiaren har ansvar for å leie og strukturere samtalen, og til å medverke til ei klar fordeling av roller og formål med samtalanene.
5. Karriererettleiaren har ansvar for at den som vert rettleidd vert sett, høyrd og teken på alvor, og utfordra til refleksjon, oppdaging og handling.
6. Karriererettleiaren skal leggje til rette for at den som vert rettleidd får utforska sine behov, interesser, ressursar, mogelegheiter og utfordringar.
7. Karriererettleiaren skal, når samtalen går utanom eige kompetansefelt, leggje til rette for at den som vert rettleidd kan reflektere over om det kan vera nyttig å søkja opp andre personar eller profesjonar.

Karriererettleiaren sitt forhold til den som vert rettleidd og omverda

8. Karriererettleiaren skal halde seg oppdatert om mogelegheitene til utdanning og samfunnet sitt behov for kompetanse, og formidle korleis desse kan utforskast.
9. Karriererettleiaren si lojalitet ligg hos den som vert rettleidd, og karriererettleiaren skal difor unngå å fremje eigne eller andre sine interesser i rettleiinga.
10. Karriererettleiaren har ansvar for medviten bruk av sosiale mediar.

Karriererettleiaren si teieplikt, dokumentasjonspraksis og habilitet

11. Karriererettleiaren har teieplikt.
12. Karriererettleiaren har medansvar for å ha en dokumentasjonspraksis som tek omsyn til den som vert rettleidd sitt personvern.
13. Karriererettleiaren har ansvar for å vurdere sin habilitet, og ved behov drøfte den med leiar, kollega eller den som vert rettleidd, ut frå kva som er naudsynt/mest føremålstenleg.

Karriererettleiaren er forplikta av desse etiske retningslinjene og skal bruke dei medvitent i rettleiinga. I tilfelle der rettleiaren er i tvil om etiske spørsmål, skal hun eller han drøfte dette med kollega eller leiar. Leiinga har eit særleg ansvar for å leggje til rette for etisk refleksjon og oppfølging av retningslinjene.